



VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

Melding om vedtak

Sigmund Romtveit
Haukelivegen 6699

3895-EDLAND

Delegert sak nr. 15/332

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
TOVEBR	2015/2435	19647/2015	84/8	02.11.2015

84/8 - Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett - driftsbygning

Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 20-4.

TILTAK: Gjenoppføring av driftsbygning
TILTAKETS ADRESSE: Haukelivegen 6699, 3895 EDLAND
EIGEDOM: Gnr. 84 bnr. 8 i Vinje
MELDER: Sigmund Romtveit, Haukelivegen 6699, 3895 EDLAND
TILTAKSHAVAR: Sigmund Romtveit, Haukelivegen 6699, 3895 EDLAND
BRA (NS 3940): 95 m²
BYA (NS 3940): 100 m²

VEDTAK

Søknaden vert godkjent.

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Vilkåra i vedtaket frå Statens Vegvesen av 28.10.15 må oppfyllest.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn:

Referanse:

Kommuneplanens arealdel – føremål LNF.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-4 registrert 05.08.2015. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 01.07.2015, jf. saksmappenr. (jnr.) 2015/2435-1 og 3 med vedlegg.

Naboar er varsla 02.08.2015.

Det har ikkje kome inn nabomerknadar til Vinje kommune innan fristen. Det er heller ikkje oppgeve nabomerknadar frå tiltakshavar.

Det er søkt Statens Vegvesen om dispensasjon frå byggjegrænse i riksveg. Det er gjeve dispensasjon i brev av 28.10.15 til gjenoppføring av garasje. Vilkåret er at det skal vere minst 12 meter frå takutspring til senterline veg.

Tiltak:

Tiltaket gjeld gjenoppføring av uthus/drifftsbygning. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med kommuneplanens arealdel og intensjonane i denne.

Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.

Ansvar i samband med tiltaket:

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Vilkår:

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 10).

Utvendig skal ein bruke naturvenlege mørke jordfargar, ståande kraftig kledning over alt, også under vindauga og i gavlane, alternativt lafta tømmer.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 10 i kapittel 9 og i Avfallsforskrifta.

Handsamlingsgebyr:

Løyve til tiltak – etter PBL § 20-4 : 4.800,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 95 m²/ 100 m²

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2015) for byggesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.

Krav om handsamlingsgebyr på kr. 4.800,- blir ettersendt.

Konklusjon:

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i Plan- og bygningslova. Klaga skal ein sende til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Tove Bringsvær
byggesakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.